



sparebankstiftinga
sogn og fjordane

PROTOKOLL

ORDINÆR GENERALFORSAMLING

I

SPAREBANKSTIFTINGA SOGN OG FJORDANE

Dato: 18. april 2013, kl 12.00

I

Stad: Sparebanken Sogn og Fjordane sine lokale i Førde (4. etasje).

Styremedlemer i Sparebankstiftinga har møterett og får innkallinga til orientering

1. Registrering og opning av generalforsamlinga ved styreleiar

Den ordinære generalforsamlinga vart opna av styreleiar Trude Brosvik.

Desse møtte:

Jon Gimmestad, Myrtel Janne Thomassen, Tore Dvergsdal, Arne Klausen, Jarl Tyssekvam, Agnes Landstad, Per Hillern, Inger Birgitte Flatjord Kjøsnes og Anne Margrethe Ramstad Øvsthus. Viggo Leikanger og Britt Tjønneland møtte for Bente Nesse og Gro Rukan.

I tillegg møtte styreleiar Trude Brosvik, styremedlemer, Kjartan Strand, Aslaug Nesje Bjørlo, Bjørn Vollstad, kst. direktør Pål Fidjestøl og statsautorisert revisor Rune Norstrand Olsen.

Desse var innkalla men møtte ikkje:

Tom Joensen, Bente Nesse og Gro Rukan.

Generalforsamlinga var vedtaksfør då halvparten av medlemane var tilstades.

2. Val av møteleiar

Jon Gimmestad vart valt til møteleiar.

3. Val av referent

Pål Fidjestøl vart valt til referent.

4. Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 11 vart handsama etter sak 6. Ingen andre merknadar til innkalling og saksliste.

5. Godkjenning av 2 medleamar til å skrive under møteprotokoll

Arne Klausen og Britt Tjønneland vart valt til å underskrive protokoll saman med møteleiar.

6. Endring av vedtekter

Generalforsamlinga vedtok samrøystes følgjande endring i paragraf 1-2 (føreårsparagrafen) i stiftinga sine vedtekter under føresetnad av Finanstilsynet si godkjenning:

Stiftinga sitt føremål er å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane.

Ved verksemda si skal stiftinga støtte Sparebanken Sogn og Fjordane i deira vidareføring av sparebanktradisjonane, herunder ved å gi gåver til allmennyttige føremål. Ved sine disposisjonar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til dei distrikta som har bygd opp kapitalen til Sparebanken Sogn og Fjordane.

Stiftinga skal i tillegg plassere midlane på ein føremålsteneleg og trygg måte ut frå omsynet til trygd, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde føremål og sparebanklova.

7. Fastsetting av antal styremedlemer

Generalforsamlinga vedtok at talet på styremedlemer vert redusert frå 7 medlemer og to varamedlemer til 5 medlemer og to varamedlemer.

8. Val

Leiar i valkomiteen, Jon Gimmestad, innleia med ei orientering om valkomiteen sitt arbeid og innstilling.

8.1 Val av styreleiar for 2 år og nestleiar for 1 år.

Kjartan Strand, Florø vart vald som styreleiar for 2 år.
Aslaug Nesje Bjørlo, Gloppen vart vald som nestleiar for eitt år.

8.2 Val av eit styremedlem for 2 år.

Lise Mari Haugen, Askvoll vart vald som styremedlem for to år.

8.3 Val av 1 varamedlem til styret for 2 år.

Åge Engeseter, Sogndal vart vald som varamedlem til styret for perioden 2013-2015.

8.4 Val av leiar av Generalforsamlinga

Jon Gimmestad, Gloppen vart vald som leiar av generalforsamlinga for perioden 2013-2015.

8.5 Val av 1 medlem til valkomiteen for to år.

Irene Bøe, Hyllestad vart vald som medlem i valkomiteen for perioden 2013-2015.

9. Fastsetting av godtgjersle til styret

Følgjande satsar for godtgjersle for tillitsvalde vart vedtekne som gjeldande frå og med 18.04.2013:

Satsar gjeldande frå 18.04.2013	Pr år	Pr møte
Generalforsamling:		
Leiar	20.000	3.000
Nestleiar		3.000*)
Medlemer		2.000
Varamedlemer		2.000
Styret:		
Leiar	100.000	3.000
Nestleiar	25.000	3.000
Medlemer	12.500	3.000
Varamedlemer		3.000
Valkomite:		
Leiar	0	3.000
Nestleiar		2.000
Medlemer		2.000
Varamedlemer		2.000
Telefon/videomøte: I samband med telefon/videomøte som varer inntil 2 timar skal møtegodtgjersle utbetalast med 50% av gjeldande satsar. Ved møte som varer meir enn 2 timar, skal det utbetalast ordinær møtegodtgjersle.		

*) 3.000 når vedkomande leier møtet, elles 2.000.

I tillegg dekkjer stiftinga tapt arb.forteneste med inntil kr 1.300 (dokumentert) og inntil 500 (ikkje dokumentert).

10. Val av revisor og fastsetting av revisor si godtgjersle

Generalforsamlinga vel revisjonsfirmaet Deloitte som stiftinga sin revisor. Revisjonshonorar vert fastsett etter rekning.

11. Godkjenning av årsoppgjeret for 2012.

a. Generalforsamlinga godkjenner at årsrekneskapen med årsresultat kr. 25.060.000,- balanse kr 1.825.085.000,- og tilhøyrande notar vert godkjent som selskapet sitt årsoppgjer for 2012 saman med Revisjonsmelding.


b. Generalforsamlinga godkjenner at resten av overskotet, kr. 25.060.000, blir disponert slik:

- Gåver til allmennyttige formål i 2013: kr 12.500.000,-
- Avsetning til gåvefond/gåver i 2014: kr 3.500.000,-
- Overført til annan eigenkapital: kr 9.060.000,-

Møteprotokoll godkjend og møtet heva.

Førde, 18.04. 2013.


Jon Gimmestad
-feiar-


Arne Klausen


Britt Tjønneland